



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling plan

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Referent	Tlf.	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Rune Helland	91 65 79 70	2022/1134-33		15.03.2024

MØTEREFERAT

Dialogmøte før eventuell motsegn, Detaljregulering for del av 131/4 og 123/13 – Turistanlegg – Uskedalen planID 4617 20220004

Vedlegg: Forslag til endra føresegn

Tid og stad: Teamsmøte, torsdag 13.mars 2024, 1400

Til stades:

Frå Statsforvaltaren i Vestland: Fredrik Arnesen, Egil Hauge

Frå Kvinnherad Kommune: Rune T. Helland (ref.)

Saker:

Bakgrunn for møtet var at statsforvaltaren vurderer å fremja motsegn til reguleringsplanen.

Utsetjing.

For å unngå motsegn ynskjer statsforvaltaren å få tilsendt endra føresegner og vurdere saken på ny ut frå det. Til dette er forlenga svarfrist naudsynt, då fristen går ut i dag.

Generelt om planen

Egil Hauge orienterte om tidlegare berøringar med saken, mellom anna under prosessen rundt rullering av kommuneplanen i 2018. Deltaområdet mellom Uskedalselva og sjøen er eit viktig naturområde. Statsforvaltaren ser positivt på at dette blir sett av til friområde, men vurderer motsegn mot føresegn som opner for inngrep i strandsona eller anna bruk av området.

Konkret tek ein opp følgjande punkt i føresegna:

- §5.3.1, 6.2.2 og 6.2.3 opnar for utfylling i sjø og byggjetiltak i strandsonen. Dette kan ikkje akseptrast.
- §5.3.3 opnar for bruk av friområdet som campeingplass. Dette er i strid med føremålet friområde, og kan ikkje akseptrast.
- §6.2.3. Eksisterande badebrygge bør kunne vidareførast. Det er og rimeleg at det kan setjast opp badebøyar for avgrensing av badeområdet, som nemnd i § 6..2.2

Det blei diskutert konkrete endringar i føresegna. Desse treng og gjennomarbeiding på andre punkt. Det blei konkret vist til merknader frå fylkeskommunen om byggjehøgde som statsforvaltaren sluttar seg til.

Ein blei einig om at kommunen set opp forslag til endring i føresegna og sender desse til statsforvaltaren så raskt som mogeleg. Statsforvaltaren vil vurdere å ikkje fremme motsegn dersom endra føresegn gjer eit resultat dei kan slutta seg til.

Kommunen gjer utsett høringsfrist til 22.03.2024

Rune Helland
Rådgjevar plan